



VANYLVEN KOMMUNE

# OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN

A jour 29.08.2018

## Innhold

1. Formål .....	3
2. Målsetting .....	3
3. Lovheimel for beredskapsarbeidet .....	3
4. Hovudprinsipp – kommunerolle.....	3
5. Ansvarsfordeling for beredskapsarbeidet.....	5
6. Beredskapsrådet .....	6
7. Årshjul .....	7
8. Oversikt over beredskapsplanar i kommunen .....	8
9. CIM – kriseverktøy .....	9
10. Øvingar og evaluering .....	9
10.1 Øvingar.....	9
10.2 Opplæring av tilsette .....	9
10.3 CIM kursing og øvingar .....	10
10.4 Evaluering .....	10
11. Befolkningsvarsling .....	10
12. ROS-analysar .....	10
13. Ajourhald.....	11
14. Distribusjon av beredskapsplanverket.....	11
15. Vedlegg .....	11

## 1. Formål

Overordna beredskapsplan byggjer på H-ROS analysen og skal sikre at tverrsektoriell handtering av uønskja hendingar er samordna. Den overordna beredskapsplanen skal vidare vere samordna med andre relevante krise- og beredskapsplanar.

Plan for kriseleiing kjem som eit supplement til den overordna beredskapsplanen. Planen er retta mot kriseleiinga, og skal vere eit utfyllande oppslagsverk for å handtere dei uønskja hendingane som framkjem i H-ROS analysen.

## 2. Målsetting

Vanylven kommune skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønskja hendingar gjennom beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønskja hendingar likevel skjer, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.

Beredskapsplanen skal sikre at beredskapsarbeidet vert gjennomført på ein slik måte at det oppfyller krava i lov og forskrift.

Vidare skal den sikre ei god implementering av beredskapsarbeidet i organisasjonen, godt samarbeid med andre og offentlege og private aktørar, samt tilfredstillande trening av personell som har rollar i beredskapsarbeidet.

## 3. Lovheimel for beredskapsarbeidet

Sivilbeskyttelseslova av 25. juni 2010

Forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011

## 4. Hovudprinsipp – kommunerolle

Samfunnssikkerheit handlar om eit samfunn si evne til å ta vare på liv og helse, og dekke grunnleggande behov for innbyggjarane, samt oppretthalde viktige funksjonar under ulike påkjenningar. God samfunnssikkerheit føreset førebygging av uønskje hendingar, og beredskap som reduserer skadeverknadane når noko likevel går gale.

Kommunane er ein viktig del av den totale samfunnsberedskapen.

Alt beredskapsarbeid skal kvile på fire hovudprinsipp:

### **1. Ansvarsprinsippet:**

Den sektoren/eininga/leiaren som har ansvaret i det daglege, har også ansvar for ROS-analyser, skadeførebygging og beredskapstiltak.

### **2. Nærleikprinsippet:**

Kriser bør handterast på lavast moglege myndigheitsnivå

### 3. Likskapprinsippet:

Organisasjonen som skal handtere ei krise eller ulykkeshending, bør vere mest muleg lik den organisasjonsstrukturen som ein har ved normal drift.


### 4. Samvirkeprinsippet:

Myndigheit, verksemd eller eining har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Ein beredskapsplan blir definert som «førebudde handlingar for å møte ulykker og andre uønskte hendingar ut over det som blir rekna om normalrisiko og normalpåkjenning».

Vanylven kommune har ansvar for å foreta ROS-analysar og innarbeide god krisehandteringsevne i samfunnsplanlegginga:

1. Sette mål og forplikte organisasjonen gjennom vedtak i styrande organ.
2. Utvikle kartlegging og krisehandteringsevne gjennom relevante undersøkingar/planar/opplæring/godt utstyr og øvingar i einingane og i den administrative organisasjonen.
3. Utarbeide beredskapsplanar for situasjonar der den ordinære organisasjonen ikkje er tilstrekkeleg
4. Evaluere og utvikle arbeidet gjennom faste rutinar for ajourhald og revisjon.



## 5. Ansvarsfordeling for beredskapsarbeidet

**Kommunestyret** vedtek overordna mål og retningslinjer for alt kommunalt arbeid som har med samfunnssikkerheit, krise og beredskap å gjere.

**Kriseleiinga** i Vanylven kommune er kommunen sitt operative styringsorgan for å handtere samfunnsmessige alvorlege og uforutsette hendingar som større ulykker, skred, sterk vind, flaum m.m.

**Kriseleiinga** er samansett av:

- Ordførar
- Varaordførar
- Rådmann
- Kommunalsjef teknisk sektor
- Kommunalsjef oppvekst og kultur sektor
- Kommunalsjef helse- og omsorgs sektor
- Beredskapsleiar
- CIM ansvarleg
- Lensmannen i Vanylven

**Kriseleiinga** kan nytte **inntil kr. 500.000,-** utan særskild løyving i budsjettet til rednings- og skadereduserande tiltak i ein akuttsituasjon. Denne fullmakta er gitt ved kommunestyrevedtak den 10.11.2015 sak 102/2015 med heimel i kommunelova § 13.

Det er ikkje utpeika vararepresentantar til den kommunale kriseleiinga, då kriseleiinga er breitt samansett.

**Ordførar** har det overordna ansvaret og er leiar i kriseleiinga. Han er også kommunen sitt ansikt utad i ein krisesituasjon. Det kan likevel oppstå situasjonar der sektorleiar må informere om situasjonen på sin sektor.

**Rådmannen** skal følgje opp dei overordna måla for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på tenestenivå og er mellom anna ansvarleg for å koordinere aktivitetane i kommuneorganisasjonen.

**Rådmannen** leier det operative arbeidet med tanke på intern organisasjon, medan **ordførar** har ansvaret for den eksterne kriseinformasjon.

**Beredskapsleiar** er ein fagansvarleg som på vegne av rådmannen og ordførar følgjer opp og koordinerer arbeidet med hovudberedskapsplan og det tverrfaglege perspektiv i arbeidet med samfunnssikkerheit, krise og beredskap i Vanylven kommune.

**Beredskapsleiar** har følgjande funksjonar:

- Syte for at beredskapsarbeidet vert gjort kjend i organisasjonen.
- Ta initiativ til arbeid med identifisering av risiko, gjennomføring av ROS- analysar og etablering av rutinar.
- Følgje opp kvalitetssystemet.

- Bistå rådmannen med planlegging og gjennomføring av øvingar.
- Delta i kriseleiinga.
- Vere oppdatert på beredskapsarbeid.
- Vere kontaktperson mot Fylkesmannen i det praktiske beredskapsarbeidet.

**Kvar einskild sektorleiar og fagansvarlege** har delegert ansvar og mynde med tanke på særskilde planar og tiltak innan sine definerte ansvarsområde og er ansvarleg for:

1. Beredskapsplanar knytt til verksemda ajourførast og gjort kjende.
2. Planverk skal gjennomgåast ein gong i året på personalmøte.
3. Sektorleiar skal bidra i ROS- analysearbeidet som vedkjem verksemda.

## 6. Beredskapsrådet


Beredskapsråd er eit samordningsorgan som i tillegg til medlemar i kriseleiinga, har medlemar frå frivillige organisasjonar, lokale statlege organ og forsvar/sivilforsvar.

Beredskapsrådet i Vanylven kommune er sett saman slik:

- Ordførar
- Varaordførar
- Rådmann
- Kommuneoverlege
- Kommunalsjef teknisk sektor
- Kommunalsjef oppvekst og kultur sektor
- Kommunalsjef helse- og omsorgs sektor
- Leiar omsorgsgruppe
- Beredskapsleiar
- CIM ansvarleg
- Lensmannen i Vanylven
- Heimevernet
- Tussa AS
- Vanylven røde kors
- NAV

Beredskapsrådet skal vere eit forum for samarbeid og gjensidig informasjon om dei einskilde gruppene sin beredskapsmessige status. Beredskapsrådet skal møtast minst annakvart år.

## 7. Årshjul



### JANUAR - FEBRUAR

- ✓ Oppdatering planverk/kontaktinfo, e-post ut til leiargruppa for innhenting av data.
- ✓ Oppdatere kriseleingskort
- ✓ Gjennomgang av CIM med kriseleiling
- ✓ Informasjon i leiargruppa
- ✓ Intern varslingsøving

### MARS - APRIL

- ✓ Test av satelittelefonar
- ✓ Øving CIM-sekretariat
- ✓ Møte i beredskapsrådet ( minimum 2. kvart år)

### MAI - JUNI

- ✓ Fagsamling om beredskap – Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- ✓ Øving – innkalling av kriseleiling

### JULI - AUGUST

- ✓ Test av satelittelefonar
- ✓ Øving CIM med beredskapssekretariat

### SEPTEMBER - OKTOBER

- ✓ Halvdagsøving med kriseleiling og sekretariat

### NOVEMBER - DESEMBER

- ✓ Brukarforum CIM - Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- ✓ Test av satelittelefonar
- ✓ Øving – innkalling av kriseleiling

Kommunestyret skal kvart 4. år få ein gjennomgang av beredskapsplanverket som ein del av politikaropplæringa.

Varslingslister og øvrig kontaktinformasjon skal haldast løypande a jour.

## 8. Oversikt over beredskapsplanar i kommunen

Utdrag frå **Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 Beredskapsplan:**

“...*Kommunens overordnede beredskapsplan skal samordne og integrere øvrige beredskapsplaner i kommunen. Den skal også være samordnet med andre relevante offentlige og private krise- og beredskapsplaner.*”

Under fylje ei oversikt over beredskapsplanar i kommunen.

(Ein visar i denne samanheng også til Beredskapsoversynet til kommunen)





## 9. CIM – kriseverktøy

CIM er eit elektronisk krisestøtteverktøy som er **webbasert**. Dette inneber at systemet er tilgjengeleg overalt kvar vi kan kome på internettsamband og ein nettlesar. Systemet er **rollebasert**, dvs. at systemet har definert **roller** som avgjer kva den einskilde får **tilgang** til å sjå og **rettar** til å utføre (lese, lagre, endre, skrive ut, administrere osv.).

DSB-CIM er valt som standard verktøy for informasjonsdeling i samband med kriser og uønskja hendingar, samt system for varsling og mobilisering. DSB-CIM er skaffa til fri bruk i Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, i Sivilforsvaret og hjå alle fylkesmenn og norske kommunar.

CIM vert levert frå One Voice i Trondheim. One Voice tek i vare servere, teknisk støtte, vedlikehald og utvikling av applikasjonar.

Fylkesmannen har innsyn i sine kommunars installasjonar for å kunne støtte kommunen og for å kunne styre og koordinere innsats i handteringa ved kriser. Vanylven kommune vel å nytte CIM som eit reindyrka krisestøtteverktøy for loggføring, meldingsformidling og rapportering, medan hovudlagringsområdet for beredskapsplanar osv. vert lagd på ePhorte. Varslingslister skal ajourførast både i CIM og ePhorte.

## 10. Øvingar og evaluering

### 10.1 Øvingar

#### **Øving av beredskapsplan:**

Kommunens beredskapsplan skal øvast kvart andre år. Scenarioene for øvingane bør hentast frå dei analyserte hendingane i H-ROS.

#### **Fullskalaøving med markørar og deltaking av aktuelle aktørar i kommune:**

Minst kvart 4. år. Kan med fordel kombinerast med øvingar i regi av Fylkesmannen, brannvesen, politi eller helsetenesta.

Ein dag/kveld må setjast av til øving og evaluering, i tillegg kjem tid til førebuing og planlegging.

#### **Øving med kriseleiing og sekretariat:**

Minst ein gong i året.

#### **Uvarsla øving:**

Intern varslingsøving – melding til kriseleiing via e-post og sms etter ajourføring av varslingslister i starten av året. Kvittering for motteke varsel.

Uvarsla innkalling av kriseleiing – 2. gongar i året. Innkalling skjer via e-post og sms. Kriseleiinga skal då møte opp på Rådmannskontoret der øvinga vert avslutta.

### 10.2 Opplæring av tilsette

#### **Opplæring av tilsette, grunnopplæring / gjennomgang av beredskapsarbeid:**

Kriseleiinga  
Beredskapssekretariat  
Omsorgsgruppa

Det skal setjast av tid til ein gjennomgang kvart 4. år. Beredskapsplanverket skal gjennomgåast årleg etter revidering for å avdekkje om nye moment skal med.

Ved nyttilsettingar skal det takast ein gjennomgang innan 6 månadar.

#### **Informasjon til leiarar:**

Det skal orienterast i leiarforum minst ein gong i året etter at beredskapsplanverket er rullert. Leiarane er ansvarleg for å formidle vidare ut i sektorane.

### 10.3 CIM kursing og øvingar

#### **Årleg gjennomgang av CIM for:**

Kriseleiinga  
Beredskapssekretariat  
Omsorgsgruppa

### 10.4 Evaluering

Når ei krise er avslutta skal det snarast mogleg takast ein gjennomgang av krisesituasjonen, samt ei evaluering av kommunen sin kriseinnsats. Det skal utarbeidast ein skriftleg rapport, der ein bl.a. vurderar behov for endringar av kommunens beredskapsplanar. Rapporten lagrast i CIM under menypunkt for kriseleiing.

Også alle øvingar skal i ettertid evaluerast, med skriftleg rapport som lagrast i CIM.

## 11. Befolkningsvarsling

Vanylven kommune sin nettportal har funksjonalitet som gjer at ein kan setje nettsida i beredskapsmodus for å få raskt ut viktig informasjon ved ei uønskja hending. Sosiale media skal nyttast aktivt for å formidle viktig informasjon.

## 12. ROS-analysar

Vanylven kommune har nylig gjennomført ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, herunder kartleggje, systematisere og vurdere sannsynlegheit for uønskja hendingar som kan inntreffe i kommunen og korleis desse kan påverke kommunen. Denne vart vedteken av kommunestyret i sak 07/2018 13.02.2018 og gjeld 2017-2021.

I samband med rullering av arealdelen til kommuneplanen var det gjennomført ein ROS-analyse, vedteken i kommunestyret den 27.03.2014 i sak 23/2014, denne er ikkje heilt i tråd med ein heilskapleg ROS-analyse. Ved neste rullering av arealdelen i 2020, bør H-ROS-analysen ajourførast og integrerast i kommunedelplanen som ein handlingsplan slik at den vert i samsvar med lovverket innanfor kommunal beredskapsplikt.

## 13. Ajourhald

Kommunen sitt beredskapsplanverk skal til ein kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong i året, jf. *Forskrift om kommunal beredskapsplikt* § 6.

Beredskapsleiar har ansvaret for dette arbeidet. Redaksjonelle endringar, som oppdatering av varslingslister, ressursoversikt, endring av namn, roller, telefon nr. m.m. skal gjerast fortløpande av beredskapsleiar. Strukturelle endringar skal godkjennast av kommunestyret.

## 14. Distribusjon av beredskapsplanverket

Følgjande instansar skal ha planen i papirutgåve:

- Kriseleiinga
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Lensmannen i Vanylven
- Beredskapsrådet

## 15. Vedlegg

Plan for kriseleiinga.

Beredskapsoversyn.

H-ROS analyse 2017-2021.